

REGLAR FOR SMÅVILTJAKT I LANGMORKJE STATSALLMENNING

Nedanfor følger eit samandrag av gjeldande reglar for småviltjakt i Langmorkje statsallmenning, som er vedteke av Vågå fjellstyre i medhald av §§ 23 og 25 i Fjellova. Fjellstyret ber jegerane setje seg nøye inn i og følgje reglane som gjeld, slik at unødige overtramp eller lovbrøt ikkje skjer. Det kan bli vedteke reguleringar i løpet av jakta, følg difor med på heimesida til fjellstyret. Reglane er sist korrigerert for jaks sesongen 2021.

1. Jaktkort

Jakt og fangst kan berre drivast mot løysing av jaktkort. Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre. Personar under 16 år treng ikkje jaktkort for å drive småviltjakt (opplæringsjakt). Dei under 20 år i Vågå (innanbygdsbuande) får jakte gratis, men må løyse kort.

Gyldig jaktkort og gyldig jegeravgift skal når oppsynet ber om det, kunne framleggjast ved utøving av jakta.

Jaktkort for jakt med hund gjeld også rett til jakt utan hund i den tida og i det jaktområde/ jaktfelt som jaktkort med hund er gyldig. For innanbygds gjeld sesongkort for jakt med hund også som sesongkort for jakt utan hund.

2. Jakttider

Rype

- Jakt utan hund, innanbygdsbuande: 15/9 – ut februar.
- Jakt utan hund utanbygdsbuande: 15/9-19/9 (125 kort), 20/9-24/9 (125 kort), 25/9-29/9 (125 kort). Søknadsfrist 1. april. Fritt kortsal: 30/9 – ut februar.
- Jakt med hund, innanbygdsbuande: 15/9 – 23/12.
- Jakt med hund, utanbygdsbuande: 15/9 – 19/9 (35 kort), 20/9-24/9 (35 kort). Søknadsfrist 1. april.

Skogsfugl

All jakt på skogsfugl varer til og med den 23/12, elles gjeld dei same jakttidene, og reglane for bruk av hund som for rype.

Hare

- Jakt utan hund, innan- og utanbygdsbuande: jakttid som for rype.
- Jakt med hund, innanbygdsbuande: 15/9-24/9 og 1/10 – ut februar.
- Jakt med hund, utanbygdsbuande: 11/10 – 17/10 (25 kort, søknadsfrist 1. april) og 18/10 – 23/12 (fritt kortsal).

Andre arter

Det kan bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på i distriktet. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15/9. Jakt på rev og kråke kan starte 15. juli, jakt på mink kan foregå heile året. Jakt på røyskatt og mår kan skje til og med 15. mars, kråke til og med 31. mars, og rev til

og med 15. april. For jakt på smårovvilt i Vågå kommune ellers, sjå heimesida til Vågå fjellstyre (www.vaga-fjellstyre.no).

3. Jaktområde

For jegerar med hund er statsallmenninga inndelt i tre felt (A, B og C). Feltinndelinga gjeld ikkje for innanbygds jegerar, utanbygds jegerar med harehund etter 18/10, og utanbygds jegerar utan hund. Grensene mellom dei ulike feltene er avmerkt på fjellstyret sitt jakt- og fiskekart.

4. Bruk av hund

Jaktkort for jakt med hund gjeld bruk av ein hund. Etter samtykke frå fjellstyret ved fjelloppsynet kan det samtidig nyttast ein unghund for opplæring. Alle som deltek i jakt med hund, må ha jaktkort for jakt med hund. Det er lov å trene hund etter at dagskvota er fylt, i den perioden løyst jaktkort er gyldig.

5. Fangst

Fellefangst er lov i den tida og etter dei forskriftene Miljødirektoratet har fastsett. Småviltjaktkortet gjeld også for fangst. Snarefangst av rype er ikkje lov.

6. Dagskvote for rypejakt

For rypejakt blir det for kvar sesong fastsett ei dagskvote. Jegeren er pliktig til å gjera seg kjent med dagskvota. Årets dagskvote blir opplyst på heimesida eller ved kjøp av jaktkort.

7. Jaktrapport

Jaktrapport (fangststatistikk) frå jegerane er eit viktig hjelpemiddel i forvaltninga av småviltet. Legg difor vekt på å få desse så korrekte som råd. Riktige opplysningar er nødvendige for best mogleg å kunne analysere forholda, og på dette grunnlag gje jegerane eit godt jakttilbod. Jaktrapporten kan leverast elektronisk via Inatur, eller på fjellstyret si heimeside

8. Anna

Fjellstyret sitt jakt- og fiskekart som m.a. viser feltinndeling, er lagt ut for sal på alle kortsalstadene. Kartet er i målestokk 1:100.000.

Ved jaktstart går det ennå att beitedyr i utmarka og statsallmenninga er beiteområde for tamrein. Vis omsyn til dette under jakta slik at unødige konflikter ikkje oppstår. Vis elles omsyn til andre jegerar og anna jaktutøving, og til andre former for fritid-sutøving. Bruk naturvett og ta med deg tomhylser og anna søppel.

Ytterlegare opplysningar kan du få ved å kontakte fjelloppsynet, tlf. 90966277/90739335/ 91727427.

Vi viser også til fjellstyret si heimeside: www.vaga-fjellstyre.no